


Alle foto: Even Øverbø

INFORMASJONSSKRIV

FRÅ LANDBRUKSKONTORET ØRSTA VOLDA



Nr. 1/2020

Årgang 29

Postadresse: Ørsta kommune, Landbrukskontoret Ørsta Volda, Dalevegen 6, 6153 Ørsta

Besøksadresse: 3. etg i den "gamle" delen av Rådhuset

e-postadresse: postmottak@orsta.kommune.no

Infoskrivet vert sendt i e-post til alle som til ei kvar tid er registrert som søkjarar av produksjonstilskot, aktive skogbrukarar, og fleire andre som er knytt til næringa. Dei vi ikkje har e-postadressa til får skrivet pr. post. Send oss e-postadressa di så får du skrivet på e-post neste gong (og vi sparer porto)!
Skrivet ligg og på heimesidene til kommunane Ørsta og Volda.

Innhald:	Side
Produksjonstilskot 2020 del 1	1
Tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket - SMIL	2
Tilskot til grøfing/drenering av jordbruksareal	2
Investeringsmidlar til tiltak i utmarksbeiteområde	3
Gardskarta – endringar	3
Tilskot til skogsveggar, taubane og skogkultur	3
Utvalde kulturlandskap i Hjørundfjorden og Norangsdalen (UKL)	4

Produksjonstilskot 2020 del 1

Produksjonstilskot er ei fellesnemning for fleire statlege tilskotsordningar for føretak som driv vanleg jordbruksproduksjon.

Kommunen mottek og behandlar søknadane, og tilbyr rettleiing til søkjarar.

Korleis søkje? Mer informasjon om kven som kan søkje, rettleiing og søknadsmateriell finn du på landbruksdirektoratet.no

Søknadsfristar

Det er to søknadsfristar. **15. mars:** Søknad for føretak med husdyr, der **telledatoen er 1. mars** og du kan søkje om **følgande tilskot:**

- Husdyrtilskot (unnatak bifolk)
- Tilskot til økologisk husdyrproduksjon

Alle som har husdyr må sende inn del 1 enten dyra gjev rett på tilskot eller ikkje, då dyretalet legg grunnlaget for kva du får i:

- tilskot for avløyning ved ferie og fritid for 2020
- tilskot for grovfôrareal (areal- og kulturlandskapstilskot)

Desse tilskota søker du om i del 2, med søknadsfrist 15. oktober, men du må ha registrert dyra du disponerer pr. **1. mars** for at desse skal vere med i tilskotsgrunnlaget for dei to tilskotsordningane.



Fristen 15. oktober gjeld søknad for husdyr- og planteproducentar og tilskot til avløyning ved ferie og fritid.

Etter at ein har levert søknaden innan fristane 15. mars og 15. oktober, kan ein endre opplysningane i søknaden innan 14 dagar etter søknadsfristen.

Nytt i år! Ein kan levere søknaden innan 14 dagar etter søknadsfristen dvs. fram t.o.m. 29. mars/oktober, men då vert tilskotsutbetalinga redusert med kr 1.000 for kvar dag ein går over fristen.

Tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket - SMIL

Det er framleis høve til å søkje!!!!

Fristen for å søkje om SMIL-midlar var 1. februar. Innan fristen kom det frå føretak i Volda 9 søknadar og frå føretak i Ørsta 7 søknadar. Vi har framleis midlar att og vi oppmodar alle med gode planar om tiltak om å søkje. Etter hovudtildelinga vert søknadane handsama fortløpande. Ver difor tidleg ute, og nøl ikkje med å søkje.

I år har Volda fått ein pott på kr 390.000 og Ørsta ein pott på kr 450.000

Søknadsskjemaet er elektronisk:

1. Gå inn på www.landbruksdirektoratet.no og vidare til blå firkant med «Alle direktoratets digitale tjenester», til venstre på sida. Klikk deg inn og velg blå boks med *Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL), tilskudd* nede på sida.
2. I neste bilete vel du «Startjeneste». Du må vidare logge deg inn med å bruke elektronisk ID
3. Når du har logga deg inn skal du kome direkte til søknadsskjema i Altinn.
4. Lukke til ☺

På landbruksdirektoratet.no finn du og nyttige tips til utfylling av søknadsskjema for SMIL, om kva opplysningar og dokumenter det er bra å ha tilgjengeleg før du startar å fylle ut søknadsskjemaet. Veiledningsvideo for søkjer ligg på fagsidene hjå Landbruksdirektoratet under panelet *Hvordan søke?*

Alle søknadane vert vurdert i samråd med dei lokale faglaga i næringa. Hugs å søkje fyrst! Tiltaka skal ikkje vere starta opp før søknaden er handsama.

Satsane for eigeninnsats er:

per time eigeninnsats	Kr 350,-
per time m/motorsag	Kr 400,-
per time m/traktor	Kr 550,-

Tilskot til grøfting av jordbruksareal – drenering

Til dreneringstiltak har Volda fått ein pott på kr 300.000 og Ørsta ein pott på kr 250.000.

Tilskotet utgjer inntil kr 2.000 per dekar eller kr 30 per løpemeter ved mindre grøftearbeid, avgrensa til kr 2.000 pr daa berørt areal.

- Arealet må tidlegare ha vore grøfta og arbeidet må ikkje vere igangsett.
- Det må liggje føre ein godkjent grøfteplan før arbeidet vert sett i gang
- Kommunen betalar ut tilskotet etter at søkjar har dokumentert at tiltaket er gjennomført og det ligg føre eit grøftekart.
- Tiltaket må gjennomførast innan 3 år frå då søknaden vart innvilga.



Føremålet med drenering er å auke kvaliteten på tidlegare grøfta dyrkajord til fordel for både avlingar og miljø. Det vert ikkje gitt støtte til nydyrking, areala skal ha vore grøfta før og vere registrert som dyrka jord. Det er og eit viktig ledd i å tilpasse jordbruksareala til eit endra klima med meir nedbør.

Tilskot til drenering kan ikkje løyvast der tiltaket kan føre til:

- vesentleg skade på andre sin eigedom eller naturmangfaldet
- vesentleg fare for flaum og ureining
- fare for skade på automatisk freda kulturminne

[Meir informasjon finn du på Landbruksdirektoratet sin nettside om drenering](#)

Søknadane vert handsama etterkvart som dei kjem inn.

Investeringsmidlar til tiltak i utmarksbeiteområder 2020

Frå 01.01.2020 vart ordninga med investeringsmidlar til tiltak i beiteområde overført til kommunane.

Formålet med tilskotet er å legge til rette for best mogleg utnytting av beite i utmark, redusere tap av dyr på utmarksbeite og fremme fellestiltak i beiteområda. Kommunane skal lage retningsliner for ordninga no ved overføringa. Framlegg til retningsliner for Volda og Ørsta er no ute på høyring i beitelaga. Ein legg opp til at søknadsfristen vert 1.april. Beitelaga er prioritert for desse tilskota. Totalt har Møre og Romsdal fått 1 mill kr til slike tiltak i 2020.

Døme på aktuelle tiltak ein kan få støtte til:

- Sanke- og skiljeanlegg
- Bruer for dyr og folk
- Sperregjerder for å sikre at dyr ikkje kjem over i farleg område
- Gjetarhytter/sankehytter
- Elektronisk overvakingssystem
- Investeringar i teknologi knytt til beitebruk

OBS! Gardskarta – kan innehalde større og mindre endringar!!

Sjå over gardskarta for eigd og leigd jord. NIBIO har hausten 2019 gjennomført periodisk vedlikehald av markslagsbasane for Volda og Ørsta kommunar. Slikt vedlikehald vert gjort kvart 5. – 6. år. I vedlikehaldet har dei gått over alle innteikna markslag og retta dei slik dei har tolka dei ut frå siste flyfoto og ut frå dei kriteria som ligg til grunn for dei ulike markslaga. Ansvaret for gardskarta/markslagsbasane er delt slik at kommunane føretek kontinuerleg vedlikehald, medan NIBIO utfører periodisk vedlikehald.

Vedlikehaldet som NIBIO har utført gjer at mykje som tidlegarea var registrert som innmarksbeite no er endra til skog, i tillegg til mange andre rettingar. Dei nye store veganlegga i området, attgroing av beite og dyrka mark, og alle andre endringar er teke inn i kartet slik at det skal vere oppdatert. Tidlegare låg bygningar og gardstun som markslaget «anna fastmark». Desse er no

konsekvent endra til «bebygd areal». Etter vedlikehaldet har NIBIO meldt inn til kommunen ein del områder som vi skal synfare på no i vår.

Men - sjekk karta over areala du driv, og meld frå om du er usamd i klassifiseringa som er gjort. Så langt vi rekk vil vi ta synfaring og sjå om klassifiseringa er riktig. Gardskarta vert viktigare og viktigare i høve søknader om tilskot, konsesjonssøknader, mv og det er om å gjere at dei er oppdaterte og at kart og terreng stemmer. Karta skal syne dagens situasjon, ikkje fortid eller framtidige planar.



Typisk vegetasjon i utmarksbeite

Tilskot til skogsvegar, taubane og skogkultur 2020

Kommunane har frå 1.1.2020 fått overført fleire tilskotsordningar innan landbruket, som Fylkesmannen tidlegare hadde ansvar for. Det gjeld mellom anna tilskot til skogsvegar og til taubanedrifter.

Med dette har kommunen fått alt ansvar for planting og skjøtsel av skog, og for infrastrukturen i skogbruket. Før har kommunen berre hatt ansvar for å tilrå søknader om veg- og driftstilskot for Fylkesmannen, men no skal kommunen også fatte vedtaka.

Tilskotssatsar veg:

- Skogsbilveg inkludert snu- og lunneplassar: inntil 50 %.
- Vegar etter hovudplan eller foreløpig hovudplan kan få inntil 60 % tilskot.
- Traktorveg kl. 7: inntil 40 %. Høgaste sats kan berre brukast der vegen seinare vil bli bygd om til skogsbilveg.

Tilskotssatsar taubane:

- Taubanedrift furu og lauv: inntil 200 kr/m³
- Taubanedrift gran: inntil 130 kr/m³.
- Manuell felling til hogstmaskin i bratt terreng. 60 % tilskot for dokumentert kostnad. Inntil 400 kr/time.
- Ved treslagskifte, med førehandsgodkjenning av kommunen, inntil 200 kr/m³ for hogst av lauv og inntil 150 kr/m³ for hogst av furu.



Tømmerterminalen Ørsta

Tilskotssatsar skogkultur:

- Nyplanting: 50 %.
- Planting ved treslagskifte til gran: 70 %.
- Suppleringsplanting: 40 %.
- Flaterydding: 400 kr/da (maks 70 %).
- Ungskogpleie: 400 kr/da (maks 70 %).

Utvalde kulturlandskap i Hjørundfjorden og Norangsdalen







Føremålet med tilskot til tiltak i Utvalde kulturlandskap (UKL) er å medverke til å sikre verdier knytt til biologisk mangfald, landskap, kulturminne og kulturmiljø, og å sikre langsiktig skjøtsel og drift. Satsinga på UKL i jordbruket er ei oppfølging av nasjonale mål om å ta vare på

kulturlandskapet. Frå 2020 er det kommunen/landbrukskontoret som forvaltar ordninga. Det kan søkjast om tilskot til tiltak innafør UKL-området (som er fjordbygdene langs Hjørundfjorden og Norangsdalen), som fremjar føremålet med ordninga. Dette kan til dømes vere:

- Skjøtsel og tilbakeføring/restaurering av areal
- Istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel av bygningar og andre kulturminne
- Planlegging av tiltak/prosjekt
- Formidling- og informasjonstiltak
- Gjennomføring av arrangement, kurs, fagdag eller liknande
- Andre tiltak som fremjar føremålet med ordninga

Søknadsfristen vert 20. april. Det er elektronisk søknad på same måte som for SMIL-ordninga, med innlogging via ID-porten/Altinn. Meir informasjon om UKL kjem seinare.

Tilsette ved kontoret :

	Liv Bente Viddal Tlf 907 04 008 E-post: liv-bente.viddal@orsta.kommune.no Liv Bente er leiar for kontoret og for seksjonen kultur og landbruk i Ørsta. Ho handsamar m.a. jordlovsaker og har hjorteviltforvaltninga i Ørsta, og konsesjonsaker. Registrerer eigenfråsegner om konsesjonsfridom i matrikkelen.
	Dorota Wozna Tlf 907 23 453 E-post: dorota.wozna@orsta.kommune.no Dorota er sakshandsamar for tilskotsordningane for drenering, SMIL, produksjonstilskot Volda, sjukdomsavløysing, mv.
	Åshild Steinnes Tlf 907 04 501 E-post: ashild.steinnes@orsta.kommune.no Åshild er sakshandsamar for produksjonstilskot Ørsta, arkiv, landbruksregisteret, møtesekretær, plantevern, mv.
	Jan Endre Nesdal Tlf 902 55 815 E-post: jan.endre.nesdal@orsta.kommune.no Jan Endre følgjer opp eldre saker frå Hornindal no i starten. Han er sakshandsamar for produksjonstilskot og RMP Hornindal, UKL-ordninga, oppfølging av driveplikt i Volda, mv.
	Peder Magnussen Tlf 452 82 680 E-post: peder.magnussen@orsta.kommune.no Peder er skogansvarleg ved kontoret. I tillegg til alt innan skogbruk har han viltforvaltninga i Volda. Han har foreldrepermisjon i 50% fram til ut juni månad.
	Børild Skåra Tlf 906 99 240 E-post: borild.skara@orsta.kommune.no Børild er sakshandsamar for jordlovsaker i Volda, RMP, beitelaga, gardskart, Innovasjon Norge, nydyrking, driveplikt Ørsta, mjølkekvoter, mv.